



Rolf Vallestad Sunde
Furuholtvegen 7
6906 FLORØ

Vår ref.:
26/8656 - 26/48640 / MALA2

Dykkar ref.:

Dato:
21.07.2026

**Svar på spørsmål om votering og vedtak i sak 070/21 - OK-utvalet
16.12.2021**

Vi viser til ditt spørsmål datert 19.07.2026, der du ber om avklaring av votering og vedtak i sak 070/21 frå OK-utvalet 16.12.2021.

1. Det vart votert over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak først. Deretter vart det votert over Myrvollen sitt endringsframlegg til punkt 8 og 9 frå kommunedirektøren sitt opphavlege framlegg.
2. Myrvollen sitt framlegg var framsett som eit endringsframlegg, derav ordet «endringsframlegg» i hans framlegg.
3. Kommunedirektøren sitt framlegg i endra form vart ikkje votert over etterpå.
4. Det er riktig at kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt. Myrvollen sitt endringsframlegg gjaldt kommunedirektøren sitt framlegg med endringar i punkt 8 og 9, og vart vedteke.
5. Det fins ikkje annan dokumentasjon på voteringsforløpet enn møteboka.
6. Protokollen vart godkjent utan merknadar i neste møte 25.01.2022, og har ikkje vore endra etterpå.

I ettertid ser ein at det kunne ha vore tydelegare formulert at endringsframlegget til Myrvollen, som vart vedteke, gjaldt endring av punkt 8 og 9 frå kommunedirektøren sitt opphavlege framlegg. Ein skulle ha brukt ordet endringsframlegg istadenfor tilleggsframlegg under votering, då hadde det vore noko tydelegare. Myrvollen har sjølv skrevet «endringsframlegg» i sitt framlegg. Dette kunne med fordel ha kome tydelegare fram i møteboka.

Helsing

Mari Halsør
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur